

Vestland fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

KLAGE PÅ VEDTAK – EIDE FJORDBRUK AS – LØYVE TIL Å ETABLERE ANLEGG FOR
OPPDRETT AV REGNBOGEAURE PÅ LOKALITET 13874 FYLLINGSNES S I ALVER
KOMMUNE – SAKSNR 2024/57988-16

Bygdelaget 5915 vil med dette klage på vedtaket. Årsaka til at me klagar er at saka ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, og at vedtaket skjer på sviktande grunnlag. Dette er våre klagepunkt og tilleggsopplysningar som ikkje er kome fram i sak til no. Me krev at Eide Fjordbruk utset oppstart til klagen vår er behandla.

Miljøkonsekvensar – forureining: den totale belastinga på fjorden er ikkje tatt omsyn til!

- Me er usamde i vedtaket dykkar der det står at den samla belastinga på naturmiljøet vert uendra. Dette fordi i tidlegare anlegg på Fyllingsnes, er det berre delar av året dei har nytta seg av maksimalt tillatt biomasse grunna at lokaliteten ikkje har tolt større mengde biomasse. Slik sett er det nye løyvet ein reell auke av biomasse og ein auka belastning på Osterfjorden.
- I 2019 vart det eksisterande anlegget lagt brakk, dette skjedde grunna utvikling av hydrogensulfid og metangass. Bokstaveleg talt vart det etablert ei miljøbombe. I februar 2025 vert det framleis målt raudt på alle punkt rundt anlegget.
- Det er fleire fiskeoppdrettsanlegg i same område i Osterfjorden både på Osterøysida og på Mundal.
- Osterfjorden er under særskild overvaking både i høve til oksygen og næringsutslepp – og i sone for raudt lys. Likevel vert produksjonen auka.
- Å vidareføra eksisterande open merddrift berre under argumentasjon at ein no spreier partikulært materiale over eit større område, er ikkje ein gyldig argumentasjon, då effekten på fjordmiljøet vert det same.
- Gitt fjorden og resipienten sin føresetnad, bør eit kvart tiltak ha ein profil der den samla påverknaden vert redusert, ikkje vidareført.

- Tiltak som lukka teknologi vil kunna oppretthalda og kanskje auka produksjonen på eksisterande lokalitet. Det bør vera fyrstevalet.
- Det gamle anlegget til Eide Fjordbruk ligg brakk og ubrukt langs Fyllingsneslandet, når skal dei rydda opp etter seg?
- I Osterfjorden finst det i dag ein stor dumpingplass for ammunisjon etter krigen, med store mengder bly, kvikksølv, TNT og andre giftige stoff. Forsvaret driv no og utgreiar konsekvensane for miljøet. På Hjelmåsvågen finn me ein dekk- kyrkjegard med dekk som inneheldt kreftframkallande stoff som bly, kopar og zink og andre kjemilalar som Ftalat, der forskarar frarådar fiske og bading. Totalt sett gjer dette Osterfjorden enno meir sårbar.

Brot på allmenn rettsforståing og manglande tillit til Eide fjordbruk

- Eide Fjordbruk har fått tildelt areal i allmenningen som dei har vist at dei forvaltar dårleg.
- Eide Fjordbruk ynskjer å flytta frå eit problem og ber om nytt areal for å vidareføra same type drift, dei burde heller forvalta tildelt areal på ein betre måte.
- Flyttinga vert utløyst fordi eksisterande lokalitet er ubrukeleg etter mange års drift med opne merdar og manglande vilje til omstilling.
- Kvifor skal storsamfunnet gi tilgang på nytt areal når Eide Fjordbruk ikkje har vist seg tilliten verdig på allereie tildelt areal?

Berekraftkraftsvurderingar

- Ifølgje lov om akvakultur skal denne fremme akvakulturnæringens lønnsomhet og konkurransekraft *innenfor rammene av en bærekraftig utvikling*, og bidra til verdiskaping på kysten. Me kan ikkje sjå at det er gjort vurdering av berekraft i saka. Det handlar både om økonomisk berekraft, sosial berekraft og det overordna miljømessig berekraft.
 - Det er ikkje tatt omsyn til konsekvensar for bygda, bygdemiljøet og vår livskvalitet – kva gjeld tap av fellesareal
 - Det er ikkje tatt omsyn til den totale miljøbelastninga.

Teknologi – liv og lære

- Eide Fjordbruk har gått i bresjen nasjonalt og i næringa om trong for innføring av ny lukka teknologi, mellom anna med tydeleg profilering i TV dokumentaren Brennpunkt . Dei brukar sjølv mykje ressursar på å utvikla ny teknologi i sitt konsept "Watermoon". Hovudårsaka til denne søknaden jfr side 6 øvst er å *erstatte eksisterande anlegg med eit meir «framtidsetta anlegg»*.
- Var det ikkje rimeleg at liv og lære hang betre saman og at ny teknologi med lukka anlegg, blir brukt på eksisterande lokalitet?
- Å søkja nytt areal basert på gamal teknologi tyder på svak samfunnsforståing- og er ikkje framtidsetta.
- Det ville vera naturleg å krevja slik omstilling på tildelt areal før eit omfattande nytt areal vert tildelt.
- Eksisterande lokalitet kan produsere tiltenkt volum dersom ein tek ny teknologi i bruk, kanskje sågar meir.

Fiske, friluftsliv og almenning

- Det vert ofte framhalde kor lite areal den synlege delen av eit oppdrettsanlegg beslaglegg. Dette er dessverre berre toppen av isfjellet. Ankerlinene beslaglegg ofte fleire titals gonger meir areal. Slik er det også i dette forslaget.
- Etablerde gode fiskeplassar vert no okkupert då ingen kan setja line eller botnreidskap innanfor dette området.
- Det er godt kjend at fiske nær oppdrettsanlegg, resulterer i sei og lyr med pellet og fiskelort i magen. Slik vedtaket ligg føre vil området kor ein kan få slik fisk no bli utvida.
- Ny lukka teknologi ville ha hindra spreiding av partikulært avfall (fôr og fiskeskit) fordi det kan samlast opp.
- Osterfjorden er ein relativt smal fjord, men i området som er tiltenkt for Eide Fjordbruk si etablering, er fjorden brei og tenleg for segling, båtliv og sjøsport som krev meir plass.
- Fylkeskommunen sitt vedtak om å gi Eide Fjordbruk løyve til å ta i bruk eit nytt og eit mykje større areal, har betydelege konsekvensar for bygdene rundt anlegget.

I strid med hovudmål for Alver kommune jfr. arealplanen og samfunnsplanen

- Hovudmålet til Alver kommune er å vera eit attraktivt, berekraftig og klimavennleg samfunn som leggje til rette for auka folketal, næringsutvikling (særleg grøn industri) og god livskvalitet for innbyggjarane.
- Sjølv om kommunen set av nye areal til akvakultur er det ikkje likegyldig på kva vilkår ny verksemd vert etablert.
- Alver kommune er hardt råka av nedtrekk i Trafikklyssystemet. Produksjonen har blitt redusert med 12% dei siste seks åra, og no ligg det det risikovurderingar som kan gi ytterlegare nedtrekk.
- Framhald med eksisterande open merdteknologi vil berre forsterka den negative trenden.

Hjelmås 23. februar 2026



Inger Helen Midtgård

For Bygdelaget 5915

Kopi til: Statsforvaltaren i Vestland - miljøvernavingdelinga